

## Møtereferat styremøte 6. desember 2021

Styremøtet vart halde digitalt via teams 6. desember kl. 18 til 20.00. Innkalling var sendt ut tidleg i oktober og saklista med saksdokument 30. november og 5. desember 2021.

Frammøte frå styret: 12 av 15 representantar:

<b>Kommune:</b>	<b>Styremedlemmar:</b>
Fjord	Eva Hove (leiar)
Ulstein	Berit Sandvik Skeide (nestleiar)
Giske	Jan Ove Skodje
Herøy	<i>Forfall – vara kunne ikkje møte</i>
Stranda	Jan Håkon Vikane
Sykkylven	<i>Forfall – vara kunne ikkje møte</i>
Sula	Nils Erik Bjørkavåg
Vanylven	<i>Forfall – vara kunne ikkje møte</i>
Vestnes	Jon Kåre Osdal
Volda	Ola Einang
Ørsta	Karen Høydal
Ålesund	Jarle Hauge Steffensen
Ålesund	Janet Roelofs
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes

**Forfall:** Linn-Therese H. Sævik (Herøy), Trond Bonesmo (Sykkylven), John Willy Klungre (Vanylven)

**Andre:** AB Støyva Emblem - dgl. leiar (referent), Inger Bakke og Hilde Ellingsæter frå staben.

### Saksliste:

<b>Saksnummer:</b>	<b>Tittel:</b>
Sak 50/21	Godkjenning innkalling, sakliste og referat styremøte
Sak 51/21	Faste orienteringspostar
Sak 52/21	Status økonomi november 2021
Sak 53/21	StikkUT!-sesongen 2021
Sak 54/21	StikkUT! Sammen - ny satsing 2022
Sak 55/21	Prosjektet Slå på ringen - evaluering 2021 og ny søknad 2022-23
Sak 56/21	Behov for utskifting av Sandtangen til meir eigna arbeidsbåt i 2022
Sak 57/21	Representantskapsmøte mars 2022
Sak 58/21	Retningsval for friluftsskulane framover
Sak 59/21	Lokale lønnsforhandlingar 2021 – resultat (referatsak)

## **Sak 50/21: Godkjenning innkalling, sakliste og referat styremøte**

Innkalling med sakliste vart sendt på e-post til faste styremedlemmar 30.11. og 5.12.21. Sak 58 vart ettersendt 6.12 og sak 59 lagt til i møtet. Innkallinga var også sendt i Outlook-kalenderen tidlegare i haust. Referat frå styremøte 20.10.21 ligg på nettsida: [Lenke](#)

### **Vedtak:**

*Innkalling, sakliste og referat frå sist styremøte vert godkjend.*

## **Sak 51/21: Faste orienteringspostar**

Dagleg leiar orienterte kort om:

- **Status fagområde**
  - Aktivitet og Stikk UT! (vert presentert i eigne saker)
  - Drift Land
  - Marin forsøpling, her under prosjekt Rydd ytre kyst
  - Skjergardstenesta
- **Status personalsituasjonen og andre administrative forhold**
  - Tilsettesamling i Sunnmøre friluftsråd i november, tema strategi og samarbeid
  - Oppfølging tre nytilsette. May Britt går av med pensjon på nyåret, Malin i fødselsperm.
  - Medarb.samtalar i november, lønnsforhandlingar i desember (satt opp i eiga sak 59/21)
  - Rapportering på prosjektgjennomføring til fylkeskommunen 1. desember
- **Andre dagsaktuelle orienteringar**
  - Stortingsbudsjettet og midlar til friluftsrådet: [Lenke til FL sin kommentar](#)
  - Hareid kommune melder seg inn i friluftsrådet etter budsjettvedtak i desember

### **Vedtak:**

*Styret tek orienteringane til vitande.*

## **Sak 52/21: Status økonomi november 2021**

### **Kort om saka:**

Styret fekk tilsendt rekneskap for per. oktober 2021, samanlikna med same periode for 2020 (Resultatrekneskap andre tertial, resultatrekneskap kontospes. og rekneskapsfører Økonomiservice as sine kommentarar.) Regnskapet viser eit foreløpig underskot på kr 420 431 hittil i år. Driftsinntektene er periodiserte. Driftsinntektene er 20 % lågare enn i 2020, men er forventa å auke i slutten av året, fordi det er ein del innvilga tilskot som ikkje vert utbetalt før prosjekta er ferdigstilte. Lønnskostnadane er 16% høgare enn i fjor. Det det skuldast mellom anna nytilsettingar og overlapping ein periode.

### **Vedtak:**

*Styret tek status økonomi pr. 31.10.2021 til orientering.*

## **Sak 53/21: StikkUT!-sesongen 2021**

### **Kort om saka:**

Nesten 50 000 personar i fylket registrerte over 1,2 mill. turar frå 1. mai til 31. okt. 2021. Det utgjør 18 % av befolkninga, mot 12 % i 2020. Framleis koronapandemi og den nye Stikk UT!-appen er litt av forklaringa. Sunnmørskommunane har 29 677 deltakarar 651 523 registrerte turar. SF har hatt evalueringssamling for folkehelsekoordinatorane 17. nov. Fleire arbeidsplassar brukar StikkUT! som bedriftsidrett og velferdstiltak og er klart med på å auke brukartala og folkehelsa. Tal verksemder i fylket som deltok i Stikk UT! Bedrift auka frå 189

bedrifter i 2020 til 325 i 2021. Av desse utgjer Sunnmøre 153 bedrifter som gir SF ei inntekt på vel 400 000 kr. i deltakarkontingent. Andre inntekter er sal av krus m.v. på ca. 240 000 kr. I tillegg kjem 200 000 kr i tilskot frå FL. Totalt har Stikk UT! for SF rekneskapsførte inntekter på ca. 870 000 kr. Driftskostnadane ligg førebels på ca. 1 mill. kr, her under avtalefesta årleg medlemsavgift til Friluftsrådet NR. Det ligg an til eit underskot for SF på ca. 200 000 kr. Sesongen StikkUT! Vinter m/vinterfotturar og skiturar varer frå 15. des. til 2. påsked.: [Lenke](#). Vi trykker ikkje opp kart til vinter, alle turar ligg digitalt og i app: [Lenke](#). Vedlegg: StikkUT statistikk 2021 og StikkUT strategi 2020-2025 (FNR)

#### **Vedtak:**

*Styret tek presentasjonen av StikkUT!-sesongen 2021 til orientering, og vektlegg viktigheita av godt samarbeid mellom friluftsrådet, folkehelsekoordinatorane og StikkUT!-kontaktane i eigarkommunane. Styret ber også administrasjonen om å prioritere arbeidet med StikkUT! bedrift og tilskotsøknadar for å få tilstrekkeleg inntekter til å dekke utgiftene i prosjekta.*

### **Sak 54/21: StikkUT! Sammen – ny satsing**

#### **Kort om saka:**

Stikk UT! Sammen er eit nytt tilbod i Stikk UT!- appen, jf. nettsida til Stikkut.no: [Lenke 1](#) og [lenke 2](#). Målet er å motivere nye målgrupper til å kome seg ut på tur under mottoet «Sammen om de gode turopplevelsene». Det fungerer slik at kven som helst kan opprette ein brukarprofil og invitere andre til å bli med på tur (lenke 2). Brukaren kan velje om invitasjonen skal vere *open for alle*, eller om det skal vere ei *lukka gruppe* for utvalde personar. Sidan tilbodet kjem i Stikk UT!-appen, blir det også tilgjengeleg for innbyggjarane på Sunnmøre, noko som også er viktig for sponsorane. Sunnmøre friluftsråd har i avgrensa grad deltatt i utviklinga, vi blir meir aktive i 2022 etter at FNR har gjort seg nokre erfaringar i oppstarten. SF bidreg ikkje direkte økonomisk til Stikk UT! Sammen, men vi betalar årleg ei medlemsavgift til FNR for å vere med i StikkUT!. Prosjektet er finansiert av tilskot til FNR frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal i 2021 og på støtte frå Sparebanken Møre i 2022.

#### **Vedtak:**

*Styret er positive til StikkUT! Sammen og at dette kan føre til at fleire kjem seg ut på tur. Samtidig er det viktig å vere merksame på at funksjonstillegg i App ikkje blir for kostnadsdrivande for friluftsråda i det lange løp. Styret framhevar at friluftsrådet ikkje har noko arrangøransvar for turane ut over tilretteleggingsfunksjonen som ligg i sjølve Appen. Styret ber adm. om informere på nettside og SoMe sidan tilbodet et tilgjengeleg i Appen.*

### **Sak 55/21: Prosjektet Slå på ringen – evaluering 2021 og ny søknad 2022-23**

#### **Kort om saka:**

Prosjektleiari er Inger Bakke i SF presenterte saka. Slå på ringen – å vere i rørsle i lag ute – er eit tverrfagleg utviklingsprosjekt for folkehelse, kultur og framtidskompetanse, etablert i 2021 med støtte frå Sparebanken Møre. Slå på ringen er eit aktivitetsprosjekt for å styrke den enkle, genuine og sjølvdrivne uteleiken. Leik og rørsle ute er både mål og metode. Sjå nettsida til SF for informasjon: [Lenke](#) I 2021 har SF gjennomført:

- 40 inspirasjonssamlingar for elevar (leikepatruljen) og 10 for alle tilsette på ti skular
- Gitt skulane verdifulle kasser med utstyr til leik.
- Produsert 30 filmar med tradisjonelle barneleikar som ligg opent på vår Youtube-kanal.
- Utvikla ein flott logo og omfattande og grundig informasjonsmateriell
- Bygd relasjonar til forskarar og fagfolk i Norge med leik som fagfelt og metode.

Friluftsrådet har hatt møte med Sparebanken Møre i oktober 2021 og søker om fornyta støtte til prosjektet for dei komande to år på 2,5 mill. kr. Dette vil gje oss moglegheit til å halde fram med og utvikle arbeidet vi har fått satt i gang i 2021. I tillegg vil vi legge ressursar i å få utvikle eit godt samarbeid med Høgskulen i Volda for å bidra inn mot lærarinstitusjonane med vår erfaring og kompetanse og for å utvikle Slå på ringen fagleg. Å arbeide mot eit einskild forskingsprosjekt der *leiken sin eigenverdi i barneskulen* er tema eit tydeleg og uttalt mål for oss i dette prosjektet. Dette blir truleg ein eigen søknad.

#### **Vedtak:**

*Styret meiner prosjektet har levert svært godt i 2021 og støttar søknad og finansieringsplan for vidareføring av prosjektet i 2022-23. Dette er eit tilbod som alle eigarkommunane i friluftsrådet kan gjere seg nytte av, det er viktig at kommuneleiinga i kvar kommune samarbeider godt med friluftsrådet for vellukka innføring i eigne skular. Samarbeid med Høgskulen i Volda og andre forskingsmiljø er også ei viktig satsing for prosjektet, og generelt for utvikling av friluftsrådet si samfunnsrolle framover.*

### **Sak 56/21: Behov for utskifting av Sandtangen til meir eigna arbeidsbåt i 2022**

#### **Kort om saka:**

I åra som kjem er det forventet at skjergardstenesta m/Rigmor vert meir opptatt med oppdrag i Nordmøre og Romsdal og i oppdrag for prosjektet «Rydd ytre kyst 2022-23». SF har behov for eit arbeidsfartøy som er eigna til å overta dagsoppdrag i Sunnmørskommunane; Eit fartøy som er breiare og ligg betre i sjøen, (tryggleik/sjøeigenskapar), med sitteplassar og toalett (HMS), med større lastekapasitet og som kan gå nærare inn i fjøra, og som ikkje er over 8 møter (krav D6 sertifikat) Det er gunstig å skifte ut arbeidsbåten Sandtangen etter tre år grunna restverdien. Salsinntekta nyttast til eigenandel i ei evt. leasingkontrakt på nytt fartøy.

#### **Vedtak:**

*Styret ser behovet for å skifte ut Sandtangen til eit meir eigna fartøy, samstundes som det er usikkert om friluftsrådet har tilstrekkeleg investeringsmidlar til eit nytt kjøp. Styret ber administrasjonen legge fram ein anskaffelsesplan med leasing som finansieringsløyving.*

### **Sak 57/21: Representantskapsmøte mars 2022**

#### **Kort om saka:**

Representantskapsmøtet er høgste styresmakt i friluftsrådet og skal haldast innan utgangen av mars. Representantskapsmøtet skal kallast inn etter vedtak i styret, og med minst 4 vekers skriftleg varsel. Sakliste og saksdokument skal ligge ved. (samarbeidsavtalen § 5). Friluftsrådet sjekkar ut kommunestyre- og formannskapdatoar mars 22 for å unngå kollisjon. I år er representantane for følgjande kommunar på val, kommunane må bli kontakta i jan.:

Kommune	Valperiode	Styremedlemmar	Varamedlemmar
Fjord	2020-2022	Eva Hove	Andreas Håvoll
Giske	2020-2022	Jan Ove Skodje	Birger Honningsvåg
Sykkylven	2020-2022	Trond Bonesmo	Eva Eline Tandstad
Ulstein	2020-2022	Berit Sandvik Skeide	Kathrine Kriken Garnes
Vanylven	2020-2022	John Willy Klungre	Marina Haaberg Ersvåg
Volda	2020-2022	Ola Einang	Annlaug Stokke
Ørsta	2020-2022	Karen Høydal	Stein Aam

**Vedtak:**

*Styret gir AU og dagleg leiar fullmakt\* til å sette dato for rep.skapsmøte i slutten av mars 2022 og gjere dette kjent for kommunane og representantskapet. Det vert innkalla til styremøte fire veker før for behandling av saker som skal ligge ved innkallinga til rep.skapet.*

*\* I etterkant har AU beslutta at representantskapet vert 30. mars og styremøte 3. mars 2022.*

**Sak 58/21: Retningsval for friluftskulane framover****Kort om saka:**

Fagleiar aktivitet Christer Lundberg Nes presenterte saka. Friluftsskulane er eit friluftstilbod til barn og unge i alderen 10-13 år i sommarferien og er eit alternativ til organisert idrett. Det er eit fagleg tilbod til borna i sommarferie der dei får lære om allemannsrett, kartforståing, mat ute, tur, sjøvett/bading /kajakpadling og overnatte ute. Vi har dei siste åra tilbydd 4 friluftskular på 5 dagar kl. 9-15 med ei overnatting, det er til saman ca. 80 deltakarar. Her er informasjon: [Lenke](#). 4 friluftsskular kostar omlag 540 000 kr, personalkonstandane er den største utgiftsposten. Tilskot frå FL og FK er ca. 200 000 kr. Som tippemiddelfinansiert aktivitetstilbod må friluftsrådet nytte 50% i eigenandel, altså 200 000. Erfaringstala er at friluftsrådet då nyttar 340 000 i eigenandel, dvs. 140 000 meir av eigne midlar enn ein får støtte til. Styret diskuterte tre moglege retningsval på bakgrunn av fagleiaren sitt notat:

1. Redusere lønnskostnader gjennom kortare friluftsskular
2. «Organisere vekk» friluftskulen til andre lag og organisasjonar
3. Drive som no og dekke kostnadane

**Vedtak:**

*Styret støttar alternativ 3. Friluftsrådet gjennomfører friluftsskulane etter same mal som 2021 og aksepterer eit prosjekt underskot i overkant av 100 000 kr fordi det er eit tilbod som støttar FL si nasjonale satsing, og er eit viktig og lærerikt tilbod til born og ungdom i deltakarkommunane. Styret ber om ei evaluering etter to års drift.*

**Sak 59/21: Lokale lønnsforhandlingar 2021 – resultat (referatsak)****Kort om saka:**

Viser til styresak 49/21. Dagleg leiar orienterte styret om resultatet etter lokale lønnsforhandlingar. Dagleg leiar hadde drøftingsmøte med dei tilsette 2.12.21. for rammene for forhandlingane og erfaringar frå tidlegare lønnsprosessar. Sjølve forhandlingane vart gjennomført 6.12.21 mellom tilsettrepresentant Christer Lundberg Nes og dagleg leiar, styreleiar deltok via teams. Både 2020 og 2021 vart forhandla. For 2020 fekk alle sju som var tilsette då ei lønsauke på 3500 kr. For 2021 vart i alt 138 465,- kr gitt i lønnsauke fordelt på sju tilsette (tre nyttilsette var ikkje del). Alle sju fekk 2,9% lønsauke, øvrige midlar vart fordelte individuelt. Partane er einige om å gå vidare med harmonisering av lønnsnivået mellom fagleiarane i komande forhandlingar.

**Vedtak:**

*Styret tek orienteringa om forhandlingane til vitande.*